



Kolås Barnehage  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1728 - 18/33651

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
15.11.2018

## Rapport frå tilsyn i Kolås barnehage 27.09.2018

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

### Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Kolås barnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

I tilsynet vil rådmannen be om informasjon i høve til korleis barnehagen planlegg, vurderer og dokumenterer tema språk, tekst og kommunikasjon.

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. I Rammeplanen kjem det tydeleg fram kva barnehagen skal leggje til rette for i arbeidet med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har tilsynsmynde gjennomført tilsyn i Kolås barnehage.

Før tilsynet vart gjennomført ba rådmannen om å få tilsendt fylgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

### Formålet med tilsyn/rettslege krav

#### § 16. Tilsyn

*Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.*

*Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjeningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.*



*I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.*

*Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.*

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 21.08.2018 og som var gjennomført 27.09.2018.

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personar som mynde hadde samtale med under tilsynet :

Namn	Stilling
Anita Langøy-Jørgenvik	Foreldrerepresentant
Miranda Torsvik	Fagarbeidar
Cathrine Gjelsvik Støldal	Pedagogisk leiar
Hanne Haukås	Styrar
Thea Austrheim	Observatør, student 3.året NLA

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Åshild Hope Herland, Austrheim kommune.

### **Våre vurderingar**

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrerepresentant. Gjennom samtalane fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeid med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk og informasjon om korleis foreldre vurderer barnehagen.

Foreldrerepresentanten fortalde at det var lett å merke at Kolås barnehage er ein DUÅ-barnehage. Det gjennomsyrrar heile barnehagen, sa ho. Det er høg trivsel i barnehagen, barna har lyst å gå der. Det vert jobba mykje med språk i Kolås barnehage, dette startar heilt frå barna er på småbarnsavdeling. Barnehagen planlegg godt i høve til progresjon.

Foreldrerrepresentanten fortalde om foreldremøte som hadde vore no i haust. Ho rosar styrar og personalet for måten dei hadde organisert møtet på ved å nytte stasjonar, gruppearbeid m.m. Dette gjorde at foreldre fekk engasjere seg. Foreldrerrepresentanten får lite tilbakemelding frå andre foreldre. Dei meldingane som av og til kjem gjeld det fysiske miljø, parkering, langt å gå mellom barnehagane, lite uteleikeplass. Ho konkluderte slik: *Kolås barnehage er ein god barnehage i dårlege lokale.*

I samtale med dei tilsette fekk mynde høyre og sjå mykje godt språkarbeid. Barnehagen jobbar med språkløyper, dei har spåkgrupper og dei fører leselogg. Å koma inn på småbarnsavdelingane, var som å kome inn på ein «lesesal» for småbarn, der var bøker tilgjengeleg over alt. Barnehagen er i forkant, dei har førebudd mykje språkarbeid/materiell slik at det er lett å ta dette i bruk. Ein av dei tilsette sa at i arbeidet med framandspråklege barn og barn med særlege behov, vektla barnehagen *meir av det ordinære* tilbodet. Barnehagen utarbeider strategiplanar der det er behov for det.

Kolås barnehage er bevisst på å bruke rutinesituasjonar til godt språkarbeid. Ingen vaksne går til pause når det er måltid for barna. Måltidet er gull verdt både i høve til språk og relasjonsbygging, vart det sagt. Barnehagen har rutinar for å sjekke at dei heile tida jobbar i høve til krava i rammeplanen. **DUÅ** gjennomsyrrer alt arbeidet i barnehagen, sa personalet. På stor avdeling jobbar dei med Dinosaurskulen. Barnehagen har godt samarbeid med barneskulen. Døme på det er då *Pulverheksa* kom på besøk i barnehagen (ein lærar).

I Kolås barnehage vert det arbeidd svært godt med språk, tilpassa alder. Her kan mellom anna nemnast:

- Faste lesegrupper, alle barna er med i lesegrupper minst ein gong i veka
- Brukar bilete og konkretar som støtte til språket
- Brukar teikn til tale, TTT. Alle skal ha fokus på det
- Har laga mange *språkkassar* med konkretar
- Kartlegging ved hjelp av TRAS
- Bøker er lett tilgjengeleg for barna, både på nynorsk og bokmål
- Nyttar songkort, rim og regler
- Samtalen ved måltid er ein viktig del av språkarbeidet
- Jobbar med språk og kommunikasjon heile tida – «me er gode», sa ein av dei tilsette.

I Kolås barnehage er det gode system for det pedagogiske arbeidet. Der er gode planar, tydelege system og dei gjer bevisste val av metodar i språkarbeidet.

### **Konklusjon**

Kolås barnehage oppfyller krava i Rammeplanen i høve til arbeidet med språk, tekst og kommunikasjon.

### **Samsvar med Barnehagelova**

Tilsynsmynde har i tilsyn med Kolås barnehage ikkje avdekket lovbrøt.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kolås Barnehage

5914

ISDALSTØ